



Utvalg: Kontrollutvalet
Møtestad: Kommunestyresalen, Kommunehuset i Samnanger
Dato: 04.02.2019
Tidspunkt: 14.00 -16.00

Følgjande faste medlemmer møte:

Navn	Funksjon	Representerer
Brigt Olav Gåsdal	Leiar	AP
Anne Tandstad	Nestleiar	SP
Svein Verner Røseth	Medlem	FRP
Vibeke Bohre Våge	Medlem	H
Øystein Foss	Medlem	BL

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

Følgjande varamedlemmer møte:

Navn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader

Andre som møte:

Navn	Stilling
Knut Harald Frøland	Ordførar
Marianne Solheim	Arkivleiar (PS 4/19)
Ingrid Kalsnes	Senior Consultant, Deloitte AS
Helge Inge Johansen	Spesialrådgjevar, Hordaland fylkeskommune

Brigt Olav Gåsdal
utvalsleiar

Helge Inge Johansen
utvalssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
PS 1/19	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 2/19	Godkjenning av protokoll frå forrige møte		
PS 3/19	Status for arbeid med tilpassing til ny personvernlov - orientering ved rådmannen		2018/7
PS 4/19	Tilsynsrapporten frå Arkivverket - orientering frå rådmannen		2014/240
PS 5/19	Tildeling av avlastningsplasser ved sjukeheimen - orientering frå rådmannen		2014/240
PS 6/19	Internkontrollsystema - orientering frå rådmannen		2014/240
PS 7/19	Forvaltningsrevisjon av tilpassa opplæring og spesialundervisning - forslag til prosjektplan		2019/9
PS 8/19	Årsmelding 2018 for kontrollutvalet		2016/81
PS 9/19	Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval		2015/133
PS 10/19	Møteplan 2019 for kontrollutvalet		2016/14
PS 11/19	Referatsaker		
RS 1/19	Utvalet sitt kvarter		2014/240
RS 2/19	Medlemsinfo frå FKT - protokoll styremøte 14.12.18		2016/23
PS 12/19	Eventuelt		

PS 1/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Samnanger kommune - 04.02.2019

Handsaming i møtet:

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent

PS 2/19 Godkjenning av protokoll frå forrige møte

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Samnanger kommune - 04.02.2019

Handsaming i møtet:

Det var ingen merknader til protokoll frå møte 03.12.2018

Vedtak:

Møteprotokoll frå møte 03.12.2018 vart samrøystes godkjent.

PS 3/19 Status for arbeid med tilpassing til ny personvernlov - orientering ved rådmannen

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonen i saka til orientering. Kontrollutvalet ber om at rådmann også kjem til møte i september 2019 - med ei ny orientering om stoda på arbeid med tiltak som må på plass ifm. innføring av ny personvernlov.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Samnanger kommune - 04.02.2019

Handsaming i møtet:

Sekretariatet viste til epost frå rådmannen. Denne saka må utsetjast til neste møte.

Vedtaket var samrøystes.

Vedtak:

Kontrollutvalet vedtar å utsetje saka til neste møte.

PS 4/19 Tilsynsrapporten frå Arkivverket - orientering frå rådmannen

Forslag til vedtak

Lagt fram utan forslag til vedtak

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Samnanger kommune - 04.02.2019

Handsaming i møtet:

Marianne Solheim, arkivleiar i Samnanger i kommune , orienterte gjeldande tilsynsrapport, (brev dagsett 19.10.2018) og det planlagte tilsynet frå Arkivverket som kjem i 2019.

Samnanger kommune har starta opp dette arbeidet med å få på plass rutinar. Størst fokus no har arkivplanen.

Kontrollutvalet takkar for orienteringa, og vil følgje med i saka og det som kjem fram etter tilsynet frå Arkivverket.

Vedtaket var samrøystes.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering no, men ønskjer ei ny orientering etter at tilsynsrapporten føreligg.

PS 5/19 Tildeling av avlastningsplasser ved sjukeheimen - orientering frå rådmannen

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek informasjonen i saka til orientering.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Samnanger kommune - 04.02.2019

Handsaming i møtet:

Kontrollutvalet ønskjer å handsama denne saka når rådmannen er tilstade.

Saka vart difor utsett til neste møte.

Vedtaket var samrøystes.

Vedtak:

Kontrollutvalet utset saka til neste møte.

PS 6/19 Internkontrollsystema - orientering frå rådmannen

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet ber om ein ny orientering om internkontrollsystemet til første møte i 2020.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Samnanger kommune - 04.02.2019

Handsaming i møtet:

Kontrollutvalet ønskjer å handsama denne saka, når rådmannen er tilstade.

Vedtaket var samrøystes.

Vedtak:

Kontrollutvalet utset saka til neste møte.

PS 7/19 Forvaltningsrevisjon av tilpassa opplæring og spesialundervisning - forslag til prosjektplan

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon av tilpassa opplæring og spesialundervisning frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan og ev. innspel under drøftinga i møtet

2. Ev. ny korrigert prosjektplan vert å sende sekretariatet innan 20.02.2019. Utvalsleiar får fullmakt til å godkjenna endeleg prosjektplan i samråd med sekretariatet
3. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan, 290 timar, inkludert presentasjon av rapporten i møte i kontrollutvalet.
4. Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i Samnanger kommunestyre fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timar.
5. Det er ønskeleg at Deloitte kjem med forslag til prioritering av forslag til tiltak som går fram av revisjonsrapporten.
6. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 01.10.2019, ferdig verifisert og med rådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Samnanger kommune - 04.02.2019

Handsaming i møtet:

Deloitte presenterte forslag til prosjektplan for tilpassa opplæring og spesialundervisning og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Dette med «dialog» med foreldre vart diskutert. Kontrollutvalet vart einige om at det er vanskeleg å ta dette inn i forvaltningsrevisjonen.

Pkt 2. i forslag til vedtak vart tatt ut i endeleg vedtak og punktinga endra tilsvarande

Vedtaket var samrøystes.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon av tilpassa opplæring og spesialundervisning frå Deloitte AS, med utgangspunkt i forslag til prosjektplan.
2. Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan, 290 timar, inkludert presentasjon av rapporten i møte i kontrollutvalet.
3. Det vert også akseptert opsjon på ev. presentasjon av rapporten i Samnanger kommunestyre fakturert etter timeforbruk, inntil 6 timar.
4. Det er ønskeleg at Deloitte kjem med forslag til prioritering av forslag til tiltak som går fram av revisjonsrapporten.
5. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapport er klar frå Deloitte si side innan 01.10.2019, ferdig verifisert og med rådmannen sin uttale vedlagt og/eller innarbeidd.

PS 8/19 Årsmelding 2018 for kontrollutvalet

Forslag til innstilling

Kommunestyret godkjenner årsmelding for kontrollutvalet for 2018.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Samnanger kommune - 04.02.2019

Handsaming i møtet:

Det kom ikkje fram noko spesielt under denne saka.

Forslag til vedtak var samrøystes

Innstilling:

Kommunestyret godkjenner årsmelding for kontrollutvalet for 2018.

PS 9/19 Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Samnanger kommune - 04.02.2019

Handsaming i møtet:

Det kom ikkje fram noko spesielt under denne saka.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke

Vedtak:

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

PS 10/19 Møteplan 2019 for kontrollutvalet

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet legg opp til denne møteaktiviteten i 2019:

Dato:	Merknad:
04.02.2019	Under avvikling
13.05.2019	
09.09.2019	
07.10.2019	
02.12.2019	

Møtedatoane vert å senda over til kommunen for å bli lagt inn i møteplan / møteoversyn på heimesida til Samnanger kommune.

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Samnanger kommune - 04.02.2019

Handsaming i møtet:

Møte 09.09.2019 vart flytta til 02.09.2019.

Vedtaket var samrøystes.

Vedtak:

Kontrollutvalet legg opp til denne møteaktiviteten i 2019:

Dato:	Merknad:
04.02.2019	Under avvikling
13.05.2019	
02.09.2019	
07.10.2019	
02.12.2019	

Møtedatoane vert å senda over til kommunen for å bli lagt inn i møteplan / møteoversyn på heimesida til Samnanger kommune.

PS 11/19 Referatsaker

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Samnanger kommune - 04.02.2019

Handsaming i møtet:

Det kom ikkje fram noko spesielt under referatsaka

Vedtaket var samrøystes

Vedtak:

Kontrollutvalet tar referatsaka til orientering

PS 12/19 Eventuelt

Saksprotokoll i Kontrollutvalet i Samnanger kommune - 04.02.2019

Handsaming i møtet:

Psykisk utviklingshemma i kommunen

Kontrollutvalet ønskjer ei orientering frå rådmannen om dette:

1. Kor mange er registrert som psykisk utviklingshemma i kommunen og mottek kommunen tilskott for dei ?
2. Er dei det gjeld informert om at dei er registrert og at kommunen mottek tilskott for dei, og får dei tilstrekkeleg hjelp og tilrettelegging
3. Er det oppretta verge for dei ?

Vedtaket var samrøystes

Vedtak:

Kontrollutvalet ber om ei orientering frå rådmannen når det gjelt dei psykisk utviklingshemma i kommunen, slik det kjem fram av dei tre spørsmåla ovanfor.